

Energidepartementet
Att:
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Fiskeridirektoratets uttale til høyring av Statnett si konseptvalutredning for Indre Sogn

Vi syner til brev av 11.09.2024 om Statnett si konseptvalutredning for Indre Sogn.

Vår rolle i saka

Fiskeridirektoratet har som føremål å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi uttalar oss til forskjellige tiltak for å opplyse saka med informasjon om fiskeri- og akvakulturinteresser i området, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane. Interessene vi skal ta vare på er nærare omtala under areal og miljø/Areal ([Areal](#)) på vår heimeside ([Fiskeridirektoratet | Livet i havet – vårt felles ansvar](#)).

Tiltaket

Statnett ønsker å legge til rette for overføring av meir straum til indre Sogn fordi industri der ønsker å redusere CO₂ utslepp og å auke produksjonen. Dette betyr at ein treng auka kapasitet på straumnettet i Indre Sogn. Dei har i den samanheng lag ei konseptvalutredning som beskriv dagens og framtidige utfordringar i kraftsystemet i Indre Sogn, og gjer greie for ulike konsept for å knyte til forbruksplanane som føreligg og på same tid ivareta forsyningstryggleiken i området. I konseptvalutredninga takast det ikkje stilling til konkret trasé eller annan arealbruk. Departementets uttale om behov og konseptval basert på konseptvalutredninga og den eksterne kvalitetssikringa, vil avgrense seg til overordna prinsipielle spørsmål, behovsvurderingar og val av konsept.

Det er vurdert fire nettutbyggingskonsept:

Konsept 1 – Spenningsoppgradering av dagens 300 kV mellom Sogndal og Jamnene til 420 kV, samt ei forsterkning av nettet mellom Jamnene og Øvre Årdal.

Konsept 2 - Bygge ny 420 kV-leidning frå Sogndal og fram til Øvre Årdal, i tillegg til dagens 300 kV-leidning mellom Sogndal og Jamnene.

Konsept 3 - Ny 420 kV-leidning frå Øvre Årdal til Borgund og spenningsoppgradering av dagens 300 kV-leidningar gjennom Hemsedal.

Konsept 4 - Bygge ny 420 kV-leidning frå Øvre Årdal til Borgund og vidare mot Aurland.


Statnett meiner det er mest rasjonelt å gå vidare med konsept 2 – Ny forbindelse frå Sogndal til Øvre Årdal. Det er 3 forskjellige variantar av konsept 2 der det fokuserast blant anna på areal- og miljøverknadane av tiltaket når ein vurderer kva konsept som er best.

Vår vurdering

Vår vurdering av tiltaket er basert på samandrag og liknande i konseptvalutredninga, og brevet som følger med rapporten.

Vi tykkjer det er riktig å ta med ei vurdering av areal- og miljøverknadar av tiltaket. For dei interessene Fiskeridirektoratet har som oppgåve å ta i vare, er det fjordkryssingane som kan ha negative verknadar. Fiske og akvakultur kan verte avgrensa av kablar som vert lagt i sjøen. Fjordspenn vil sjeldan ha negativ verknad for våre interesser.

Når det gjeld sjøkablar, er det særleg viktig å vere merksam på mogleg konflikt med botnberørande reiskap. I dette tilfellet gjer vi særleg merksam på at det er registrert eit rekefelt i Lustrafjorden. Sjøkablar kan også kome i konflikt med bruken av låssettingsplassar, då oppankring av lås/merdar ikkje er mogleg der det går kraftkablar. Det er registrert fleire låssettingsplassar i fjorden. Kablar som genererer magnetfelt kan ha negativ påverknad på gytefelt. Inst i fjorden er det registrert eit gytefelt for torsk.



Kartutsnitt frå Yggdrasil - [Plan og sjøareal](#)

Dette er kunnskap og registreringar som vi rår til at det vert teke omsyn til i det vidare arbeidet. For våre interesser er det konsept 2.3 av dei 3 variantane under konsept 2, og konsept 1, 3 og 4 som verkar å gi minst negative verknadar.

Vi vil kome tilbake med vidare vurdering og uttale av tiltaket, ved seinare høyringar.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Energidepartementet

Postboks 8148 Dep

0033

OSLO

Kopi til:

Kystverket

Statnett Sf

Postboks 1502

Postboks 4904

Nydalen

Njøsavegen 2

Postboks 936

Postboks 7900

6025

0423

6863

6001

5020

Ålesund

Oslo

Leikanger

Ålesund

Bergen

